



NGIR

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/629 - 15/19632

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.05.2015

Mellombels bruksløyve - bustad med utleigehusvære på gbnr 241/13 Bjørge.

Administrativt vedtak. Saknr: 197/15

Tiltakshavar: Stine R. Hindenes og Anders F. Hopland
Ansvarleg søkjar: Norgeshus Hindenes Hus AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.04.2015.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande arbeid står att: Ferdigstilling av hovudleilighet og delar av utomhusarealet.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: Utleigedelen

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 21.12.2015

Det vert elles vist til søknad motteken 27.04.2015, supplert 18.05.2015.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Bjørge 207 B
Bygningstiltak:	Bustad med utleigedel
Bygningsnummer:	300496552
Bruksareal:	303



Avløp:	Privat avlaupsanlegg - minireinseanlegg
Vatn:	Privat vassforsyning - borehol
Tal på røykløp:	1

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tiltak på gbnr 241/13 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Utleigedel
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 21.12.2015.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/629

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming – mellombels bruksløyve	1	Kr 2 900,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stine R., Hindenes og Anders F. Hopland	Hindenesvegen 109	5993	OSTEREIDET
--	----------------------	------	------------

Mottakarar:

NGIR Norgeshus Hindenes Hus As Teknisk drift	Eidavegen 532 her	5993	OSTEREIDET
--	----------------------	------	------------